

## Feet med lengst snømann - førebels

07.03.2010



**I går utlyste vi ei høgst uformell tevling om å laga den lengste snømannen i Uskedalen og no er tevlinga i full gang, inspirert av nokre sparsomme varmegrader.**

**Fleire har sendt oss bilete**

**Førebels er det Nedre Feet som leiar.**

Geir, Elin, Anine, Oliver og Linnea har sendt oss ein snømann på 3,3 meter (biletet øverst) og utfordrar eventuelle konkurrentar.

I Nedre Halsabrotet har Andrea, Malena og Bessen laga ein snømann på 2,4 meter og han er førebels nummer to (biletet under).

Kom med fleire snømenn !

Vinnarane av tevlinga vinn ei korg med påskesnop, sponsa av SPAR Uskedalen. Premien blir levert ut laurdag 27. mars.

